



Møteprotokoll Møre bispedømeråd 2020-2023

Møtedato: 15.10.2021 kl. 10:15

Møtested: Molde

Arkivsak: 19/04266

Til stede: Frode Rabbevåg (Nominasjonskomiteens liste), Ole Martin Grevstad (Åpen folkekirke), Rikke Elisabeth Grevstad Kopperstad (Nominasjonskomiteens liste), Olav Myklebust (Åpen folkekirke), Evy Sisilie Bergum (Åpen folkekirke), Elias Nikolay Øyehaug Opsvik (Nominasjonskomiteens liste) – sak 56-59, Johan Gjendemsjø (Bønnelista), Ingeborg Midttømme, Olav Christian Rønneberg, Arne Moltubak

Møtende varamedlemmer: Evy Sisile Bergum for Therese Utgård Aas, Elias Nikolay, Øyehaug Opsvik for Ann Kristin Sørvik, Johan Gjendemsjø for Monika Tettli

Forfall: Monika Tettli (uavh), Ann Kristin Sørvik (Nominasjonskomiteens liste), Therese Utgård Aas (Åpen folkekirke)

Andre: Geir Sakseid i sak 59/21, Arvid Helle i sak 61/21

Protokollfører: Bjørn Olaf Storhaug

Åpning/ord for dagen Rikke Kopperstad

SAKSLISTE	Side
Godkjenning av innkalling og saksliste	
<u>56/21</u> Innkalling og saksliste Møre bispedømeråd 15.10.21	3
Godkjenning av protokoll	
<u>57/21</u> Protokoll fra møte Møre bispedømeråd 20.09.21.docx	3
<u>58/21</u> Protokoll fra møte Møre bispedømeråd 05.10.21	4
Saker til behandling	
<u>59/21</u> Høyringssvar konverteringsterapi, Møre bispedømeråd	5

<u>60/21</u>	Evaluering og orientering knyttet til personalsak - rutiner for tilsetting av vikarer og status arbeidsplassundersøkelser Unntatt etter offentlighetsloven Offl. § 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1. ledd nr. 1	9
<u>61/21</u>	Ny kyrkjeleg organisering - 1. gongs handsaming	9
<u>62/21</u>	Kyrkjemøtet 2021 - Møre bispedømeråd si førebuing	10
Orienteringssaker		
<u>63/21</u>	Orienteringar til møte i Møre bispedømeråd 15.10.21	12

Molde, 18.11.2021

Bjørn Olaf Storhaug
Sekretær

Godkjenning av innkalling og saksliste

56/21 Innkalling og saksliste Møre bispedømeråd 15.10.21

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømeråd 2020-2023	15.10.2021	56/21

Møtebehandling i Møre bispedømeråd 2020-2023 15.10.2021:

Møtebehandling

Etter at innkalling var sendt ut har det vist seg vanskelig for ein vara å møte fysisk. Det blei tilrådd godkjent at møtet blir gjennomført etter reglane for fjernmøte.

Sak 59/21 og 60/21 er foreslått behandla for lukka dører.

Eventuelt-sak 64/21: Møteplan for 2021 - for å få tid til førebuing av Kyrkjemøtet.

Votering

Samrøystest 10 av 10 stemmer

Møre bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Innkalling og saksliste godkjent. Møre bispedømeråd godkjenner også deltaking på Teams og at møtet blir gjennomført etter reglar for fjernmøte. Sak 59/21 og 60/21 blir behandla for lukka dører.

[Lagre vedtak]

Godkjenning av protokoll

57/21 Protokoll frå møte Møre bispedømeråd 20.09.21

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømeråd 2020-2023	15.10.2021	57/21

Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Møre bispedømeråd godkjenner protokoll frå møte 20.09.21

Møtebehandling i Møre bispedømeråd 2020-2023 15.10.2021:

Møtebehandling

Merknad: Protokollen 20/9-21 viser feil saksordførar i sak 52/21. Skal vere Evy Sisilie Bergum – ikkje Olav Myklebust.

Votering

Samrøystest 10 av 10 stemmer

Møre bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Møre bispedømeråd godkjenner protokoll frå møte 20/09-21 med merknad som kom i møtet.

[Lagre vedtak]

58/21 Protokoll frå møte Møre bispedømeråd 05.10.21

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømeråd 2020-2023	15.10.2021	58/21

Møtebehandling i Møre bispedømeråd 2020-2023 15.10.2021:

Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd godkjenner protokoll frå møte 05.10.21

Møtebehandling

Votering

Samrøystes 10 av 10 stemmer

Møre bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Møre bispedømeråd godkjenner protokoll av 05.10.21

[Lagre vedtak]

Saker til behandling

59/21 Høyringssvar konverteringsterapi, Møre bispedømeråd

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømeråd 2020-2023	15.10.2021	59/21

Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd takkar for høvet til å gi eit høyringssvar på lovforslaget om regulering av konverteringsterapi. Vi tar avstand frå den type handlingar som ei lov om konverteringsterapi vil råka. Rådet ønskjer også å fremja gjensidig respekt mellom grupper med ulik haldning til mangfaldet av menneskeleg seksualitet.

Møre bispedømeråd støttar departementet i at lovforslaget avgrensar seg til «behandlingslignende handlinger», og at eit forbod ikkje skal ramma samtalar og rettleiing av foreldre, religiøse leiarar eller sjelesørgjarar, for at det ikkje skal «gripe uforholdsmessig inn i religions- og ytringsfriheten» (s.52).

Eit forbod mot konverteringsterapi kan gi barn og unge som er usikre på eigen identitet, eit særleg vern mot handlingar som krenkjer integriteten deira. Eit forbod bør også gjelda unge mellom 16 og 18 år, og bør plasserast under eksisterande straffelov.

Møre bispedømeråd støttar departementet i konklusjonen at det ikkje er aktuelt med eit forbod mot marknadsføring av konverteringsterapi.

Møtebehandling i Møre bispedømeråd 2020-2023 15.10.2021:

Møtebehandling

Saksordførar: Ingeborg Midttømme
Saka var handsama for lukka dører

Forslag til endringar til vedtak:

Forslag 1:

Rikke Kopperstad fremma slik forslag til endring i vedtak:

1. Det pågår i dag en reell konverteringsterapi der barn i skoler og barnehager blir utsatt for en skadelig kjønnsideologi med påstander om at man kan være født i feil kropp og kjønn. Målet er å endre tankemåte om kjønn og stille barn og unge overfor valg av eget kjønn. Dette er en trussel mot barns psykiske helse, fysiske kropper og sunn livsutfoldelse, et viktig aspekt i et tema som for øvrig er helt fordekt i høringsdokumentet. Forbud mot slik virksomhet bør være nedfelt i lovverket og grupperinger med slikt formål om ensrettet endring, bør holdes utenfor arenaer der barn og unge må trygges i sin uavhengige og naturlige identitetsutvikling.

2.Det er svært viktig at foreldre, besteforeldre, lærere, ungdomsledere, prester og andre bidrar til at de unge får et stort og trygt rom til å uttrykke sin personlighet slik de vil i sitt biologiske kjønn. Som kirke trenger vi å styrke unges opplevelse av verdi og trygghet i vissheten om at de er skapt i Guds bilde med det kjønnet og den kroppen de har. Teorier om mange kjønn med mer bryter med biologiske fakta og vitenskap. Det må ikke under noen omstendighet bli straffbart å vise sunn foreldreomsorg med innsikt nok til å forstå at pubertet er en krevende fase for alle, en fase de unge må gjennom, og ikke loses utenom i misforstått forsøk på hjelp. Alle bør heie på barn og unge og la dem få blomstre på hver sin måte i sin egen kropp og eget kjønn. Ikke minst må det aller tryggeste rommet nettopp være i familien der ikke foreldre skal være redde for å gjøre det som faktisk er deres ansvar; å oppmuntre de unge til å være seg selv!

3.Vi ber i all hovedsak om at lovforslaget om kjønnsidentitet utsettes og utredes adskillig mer grundig og ikke minst mer nyansert enn hva som foreligger i sakspapirene i dag. Barn og unge kan ikke bli tapende objekt for juridiske eksperimenter med menneskelige tragedier i kjølevannet. Et lovforslag for regulering av konverteringsterapi må også innholde flere konkrete eksempler og uansett skille de to temaene i hvert sitt lovforslag. Legning og kjønnsidentitet er to helt forskjellige ting og har svært ulik grad av konsekvenser særlig mht fysisk helse.

4.En lovregulering bør forholde seg til 16 år som aldersgrense siden ungdommer fra denne alder er såkalt helserettlig myndig. Hos barn og unge som blir loset inn i et kjønnsimiterende behandlingsforløp må som regel ta store beslutninger om inntak av krysshormoner i denne alderen. Overfor store valg som bruk av krysshormoner, trenger de virkelig råd og veiledning fra andre enn sexologer med en klar agenda.

5.Verken muslimer, kristne, hinduer eller andre, skal kunne havne i fengsel på grunn av måten de ber på. Vi er helt imot KGB-lignende tilstander og mener det er en selvfølge at to personer som velger å snakke personlig om seksualitet eller kjønn, skal slippe å bli overvåket og avlyttet.

6.Både psykologer og prester har samtaler med mennesker som trenger å bearbeide ulike traumer. Noen ganger handler det om overgrep. Noen av de som søker samtale, er homofile. Det er meningsløst å forby frivillige samtaler som har til hensikt, ikke å endre en persons legning, men å få bearbeidet traumer. Når traumer blir bearbeidet kan det innebære at seksuell legning blir påvirket som en naturlig del av prosessen. Det kan også Bufdir bekrefte i ulike personlige historier de slipper fram. Et samfunn med angiveri, der alle terapeutiske samtaler, sjælesørgeriske samtaler eller vennskapelig prat blir mistenkliggjort, er ikke et godt samfunn å leve i. Alle vil tape på det. En bedre vei å gå, er å holde temaet om respektfulle relasjoner varmt, i toleransens navn.

Forslag 2

Olav Myklebust fremma slikt forslag til endring i vedtak:

Møre bispedømeråd kan ikkje sjå at forbodet mot konverteringsterapi – slik det er definert i lovforslaget – rammar kyrkja sin sjelesorg, slik den blir praktisert i dag. Det foreslårte forbodet gjev rom for ulikt syn på mangfaldet i seksuell orientering, også mellom trussamfunna og på tvers av kulturar.

Det viktigaste tiltaket for vern mot uønska konverteringsterapi er å opplyse om manglande effekt og skadeverknader. Born og unge med lhbtq-identitet har behov for eit særleg vern mot praksis som krenkar deira integritet. Eit forbod mot konverteringsterapi vil redusere risikoen for at born blir utsette for dette medan dei er i utvikling - og vi støtter derfor at aldersgrensa vert sett til 18 år og at forbodet også skal gjelde slik behandling i utlandet.. Slik forbodet er føreslege utforma, vil det òg gje vern mot utilbørleg og skadeleg praksis overfor vaksne.

Bispedømerådet ser det som viktig å arbeide for gjensidig respekt mellom grupper som har ulik haldning til mangfaldet av seksuell orientering.

Rådet ser at forbodet neppe vil ha tilstrekkeleg effekt dersom konverteringsterapi ikkje vert straffbart, og vil derfor støtte ei plassering av forbodet i Straffelovens kapittel 24. Rådet meiner elles at ein ikkje bør opne for marknadsføring av ulike former for konverteringsterapi.

Bispedømerådet meiner elles departementet har truffe godt med sine avvegingar og støttar desse.

Forslag 3:

Ingeborg Midttømme fremma slike forslag til endring i vedtak:

Møre bispedømeråd takkar for høvet til å gi eit høyringssvar på lovforslaget om regulering av konverteringsterapi. Vi tar avstand frå den type handlingar som ei lov om konverteringsterapi vil råka. Eit slikt forbod bør plasserast under eksisterande straffelov. Rådet ønskjer også å fremja gjensidig respekt mellom grupper med ulik haldning til mangfaldet av menneskeleg seksualitet.

Møre bispedømeråd kan ikkje sjå at forbodet mot konverteringsterapi – slik det er definert i lovforslaget – rammar kyrkja sin sjelesorg, slik den blir praktisert i dag. Det foreslårte forbodet gjev rom for ulikt syn på mangfaldet i seksuell orientering, også mellom trussamfunna og på tvers av kulturar.

Møre bispedømeråd støttar departementet sin definisjon av konverteringsterapi i lovforslaget (s.44 og 45) som «behandlingslignende handlingar som har sitt formål å få en annen til å endre, fornekke eller undertrykke sin seksuelle orientering eller kjønnsidentitet». Rådet meiner at eit forbod ikkje skal ramma samtalar og rettleiing av foreldre, religiøse leiarar eller sjelesørgjarar, for at det ikkje skal «gripe uforholdsmessig inn i religions- og ytringsfriheten» (s.52).

Eit forbod mot konverteringsterapi kan gi barn og unge som er usikre på eigen identitet, eit særleg vern mot handlingar som krenkjer integriteten deira. Eit forbod bør også gjelda unge mellom 16 og 18 år, og bør også gjelde behandling i utlandet (s.70)

Rådet meiner det bør vere forbode å marknadsføre konverteringsterapi.

Forslag 4:

Rikke Kopperstad fremma slikt tilleggsforslag til forslag frå Ingeborg Midttømme:

De to ulike temaene som gjelder kjønnsdysfori og legning er svært ulike i tilnærming og konsekvens. Vi foreslår en behandling av de to sakene i hvert sitt lovforslag.

Vidare behandling av forslaga over:

Olav Myklebust trakk sitt forslag (2)

Votering

Forslag 1: frå Rikke Kopperstad: 2 stemmer for 8 stemmer mot

Forslag 3: frå Ingeborg Midttømme: 8 stemmer for 2 stemmer mot

Forslag 4: frå Rikke Kopperstad: 1 stemme for 9 stemmer mot

Møre bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Møre bispedømeråd takkar for høvet til å gi eit høyringssvar på lovforslaget om regulering av konverteringsterapi. Vi tar avstand frå den type handlingar som ei lov om konverteringsterapi vil råka. Eit slikt forbod bør plasserast under eksisterande straffelov. Rådet ønskjer også å fremja gjensidig respekt mellom grupper med ulik haldning til mangfaldet av menneskeleg seksualitet.

Møre bispedømeråd kan ikkje sjå at forbodet mot konverteringsterapi – slik det er definert i lovforslaget – rammar kyrkja sin sjelesorg, slik den blir praktisert i dag. Det føreslårte forbodet gjev rom for ulikt syn på mangfaldet i seksuell orientering, også mellom trussamfunna og på tvers av kulturar.

Møre bispedømeråd støttar departementet sin definisjon av konverteringsterapi i lovforslaget (s.44 og 45) som «behandlingslignende handlinger som har sitt formål å få en annen til å endre, fornekte eller undertrykke sin seksuelle orientering eller kjønnsidentitet». Rådet meiner at eit forbod ikkje skal ramma samtalar og rettleiing av foreldre, religiøse leiarar eller sjelesørgjarar, for at det ikkje skal «gripe uforholdsmessig inn i religions- og ytringsfriheten» (s.52).

Eit forbod mot konverteringsterapi kan gi barn og unge som er usikre på eigen identitet, eit særleg vern mot handlingar som krenkjer integriteten deira. Eit forbod bør også gjelda unge mellom 16 og 18 år, og bør også gjelde behandling i utlandet (s.70)

Rådet meiner det bør vere forbode å marknadsføre konverteringsterapi.

[Lagre vedtak]

60/21 - Evaluering og orientering knyttet til personalsak - rutiner for tilsetting av vikarer og status arbeidsplassundersøkelser

Unntatt etter offentlighetsloven Offl. § 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1. ledd nr. 1

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømeråd 2020-2023	15.10.2021	60/21

Møtebehandling i Møre bispedømeråd 2020-2023 15.10.2021:

Møtebehandling

Saka hansama for lukka dører
Saksordførar: Evi Sisilie Bergem
Status, evaluering og orientering vart gitt

Votering

Samarøystes 9 av 9 stemmer

Møre bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Bispedømerådet tar status, evaluering og orientering til vitande.

[Lagre vedtak]

61/21 Ny kyrkjeleg organisering - 1. gongs handsaming

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømeråd 2020-2023	15.10.2021	61/21

Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd ber om å få forslag til høyringsuttale til handsaming i neste møte på grunnlag av dei innspel og kommentarar som er gitt i saka.

Møtebehandling i Møre bispedømeråd 2020-2023 15.10.2021:

Møtebehandling

Bispedømerådet tematiserte ulike sider knytt til høyring om kyrkjeleg organisering som grunnlag for seinare behandling av endeleg høyringsuttale.

Saksordførar: Olav Myklebust

Tema:

Demokrati v/Frode Rabbevåg
Kyrkje/kommune v/Olav Myklebust
Biskopens rolle v/Arne Moltsbak
Arbeidsgiveransvar/Dagleg leiing v/Olav Rønneberg

Votering

Samarøystes 9 av 9 stemmer

Møre bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Møre bispedømeråd ber om å få forslag til høyringsuttale til handsaming i neste møte på grunnlag av dei innspel og kommentarar som er gitt i saka.

[Lagre vedtak]

62/21 Kyrkjemøtet 2021 - Møre bispedømeråd si førebuing

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømeråd 2020-2023	15.10.2021	62/21

Forslag til vedtak

Det er ikkje lagt opp til vedtak i denne saka

Møtebehandling i Møre bispedømeråd 2020-2023 15.10.2021:

Møtebehandling

Fleire av dei som skal til Kyrkjemøtet har forfall til møtet i dag. Det blir difor lagt opp til eit eige planleggingsmøte – jfr Eventult sak 64/21

Votering

Samrøystes 9 av 9 stemmer

Møre bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Saka blir utsett

[Lagre vedtak]

Orienteringssaker

63/21 Orienteringar til møte i Møre bispedømeråd 15.10.21

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømeråd 2020-2023	15.10.2021	63/21

Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd tar orienteringane til vitande

Møtebehandling i Møre bispedømeråd 2020-2023 15.10.2021:

Møtebehandling

I denne saka blir det gitt skriftlege og munnlege orienteringar til bispedømerådet. Medlemmer av ulike råd og utval har høve til å gi munnlege orienteringar frå møter eller aktivitetar.

Frå Kyrkjerådet v/Frode Rabbevåg
Få Møre biskop v/Ingeborg Mittømme

Skriftlege orienteringar:

1. Tidlegare biskop i Møre – Ole Nordhaug – døyde 19/9-21 og vart gravlagt frå Oppsal kyrkje i Oslo 29/9-21.
2. Ny kyrkjeleg organisering – høyringsprosess og regionale møter
3. Visitasar 2021
4. Biskopen har studiepermisjon i vekene 47-52 og 1-3. Domprost Olav Gading er fungerande biskop
5. Ledige stillingar og rekruttering
6. Økonomistatus
7. Høyringsaker:
Det er gitt administrativt høyringssvar om endringar i reglar i lov om kyrkjegardar.
8. Oppfølging av det regionale arbeidet etter SMM-evalueringa
9. Delingsprosjektet mellom OFV og Den norske kyrkja
10. Kyrkjerådet sitt møte 23-24/9
11. Medarbeidarundersøking

Votering

Samrøystes 9 av 9 stemmer

Møre bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Møre bispedømeråd tar orienteringane til vitande

[Lagre vedtak]

Eventuelt

63/21 Eventuelt – Endring møteplan for Møre bispedømeråd 2021

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømeråd 2020-2023	15.10.2021	63/21

Forslag til vedtak

Forslag frå Ole Martin Grevstad: Møre bispedømeråd vedtar ekstra møte den 8. november kl 17.00-20.00 for førebunig til Kyrkjemøtet 2021. Møtet blir halde på Teams etter reglane for fjernmøte.

Møtebehandling i Møre bispedømeråd 2020-2023 15.10.2021:

Møtebehandling

Bakgrunn for saka er at fleire av dei som skal til Kyrkjemøtet har forfall til møtet i dag.

Votering

Samrøystes 9 av 9 stemmer

Møre bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Møre bispedømeråd vedtar ekstra møte den 8. november kl 17.00-20.00 for førebuing til Kyrkjemøtet 2021. Møtet blir halde på Teams etter reglane for fjernmøte.

[Lagre vedtak]